



ROSENDAL OG OMLAND VASSVERK SA  
Postboks 147

5486 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
<b>Torill Slåke</b>	<b>982 98 302</b>	<b>2023/568</b>		<b>20.06.2023</b>

## IGANGSETJINGSLØYVE - EITT-TRINNSSØKNAD – delegert vedtak

Tiltak:	Nytt anlegg /konstruksjon – VA-anlegg
Gnr/bnr:	85/3 m.fl.
Byggestad/adresse:	Mel og Kletta, 5470 Rosendal
Tiltakshavar:	ROSENDAL OG OMLAND VASSVERK SA, Postboks 147, 5486 ROSENDAL
Ansvarleg søkjar:	ROSENDAL OG OMLAND VASSVERK SA, Postboks 147, 5486 ROSENDAL
Matrikkel:	-

### Delegert vedtaksnr.: 2023/292

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 10.02.2023/08.03.2023 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

- Rosendal og omland vassverk SA - SØK
- Dimmelsvik Entreprenør AS – PRO/UTF
- Johansen Rør AS – PRO/UTF
- Leganger Maskin AS - UTF

### Vilkår:

1. Innmålingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Det må innhentast graveløyve frå Vestland Fylkeskommune før graving i fylkesvegen.
3. Tiltaket må utførast på ein slik måte at tek mest mogleg omsyn til jorda og den framtidige produksjonsevna til arealet.
4. Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket må Vestland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

### **Tiltaket kan igangsetjast straks.**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

#### **Grunnlag for løyvet**

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er ikkje varsla, då tiltaket ikkje vil vera synleg etter ferdigstilling.
- Grunneigarar har underteikna samtykke til tiltaket.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Vestland fylkeskommune har vore på synfaring, og har gitt følgjande uttale 16.06.2023: *Føremålet er legging av vassleidning frå punkt VK3 ved gnr. 85, bnr. 3 med forgreiningar nordover til gardsbruka og våningshusa m.m. på Mel og Kletta. Mange av husstandane slit i dag med dårleg vasstiltførsel og kvalitet på vatnet. Synfaringa vart gjort 02.06.2023 og vi har seinare fått informasjon frå Kolbjørn Mel samt telefonsamtale med lokalhistorikar Kaare Skaala som har god kjennskap til området. Det arealet som såg ut til å ha størst potensial for funn ved synfaringa er opplyst å ha blitt dyrka opp med bulldoser tidleg på 60-talet, noko dei enorme mengdene med stor stein langs brotkanten mot Årdalen viser. Det ligg også ein eksisterande vassleidning frå ferista ved Melsvegen og sørover. Vi vurderer difor at det er lite potensial for funn langs leidningstraséane. Det er heller ikkje kjent funn frå før i dette området. Næraste er kapelltufta på Mel som ligg om lag 300 meter mot sør. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av planen må Vestland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).*
- Landbrukskontoret har vurdert tiltaket etter jordlova og har følgjande merknad til plasseringa: *Ny vassleiing til Mel/Kletta er nødvendig. Ein har vald ein trase som inneber inngrep på dyrka mark. Tiltaka vil i hovudsak føregå under jorddyta, men vil ha påverknad på produksjonen i sjølve trasen og arealet i nærleiken til traseen. Det vil bli køyring med tungt utstyr på dyrka mark langs den nye traseen for vassleidninga, noko som vil føra til jordpakking. Ein skade som nødvendigvis ikkje vil synast i stor grad i jorddyta, men vil gje redusert produksjon der skaden har førekome. Avhengig av tidspunkt for utføring av tiltaket, så vil det i sommarhalvåret føre til driftsulemper av arealet for bonden og hans drift av arealet. Tiltaket må utførast på ein slik måte at tek mest mogleg omsyn til jorda og den framtidige produksjonsevna til arealet.*
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndar.

## **Merknader**

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søker som skal varsle utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlarsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Torill Slåke

*Fagkoordinator byggesak*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet

Vatn og avløp